

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 20/2021 Forvaltningsrevisjonsrapport: Arbeidsmiljø innan oppvekstsektoren

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 6.12.2021	Saknr 20/2021
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG.

I forvaltningsrevisjonsrapporten er det mellom anna gjort vurderingar om det overordna arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren, vurderingar om kompetanse på arbeidsmiljø og personalleiing, vurderingar om involvering av verneombod, tillitsvalde og brukarorgan og vurderingar om korleis arbeidsmiljø eventuelt påverkar tenesteleveransane.

Det vert vist til rapporten for nærare detaljar, samt til rådmannen si fråsegn til rapporten.

Revisor si tilråding er at Lærdal kommune i sitt vidare arbeid prioriterer følgande:

1. Lærdal kommune bør oppdatere tilsetjingsreglementet i tråd med gjeldande organisering av kommunen.
2. Lærdal kommune bør vurdere å omorganisere leiarstrukturen ved Lærdalsøyri skule for å sikre at leiinga ikkje blir overbelasta med arbeidsoppgåver, eventuelt vurdere fordelinga av arbeidsoppgåvene til leiinga.
3. Lærdal kommune bør vurdere måtar å gi dei tilsette rett til å sikre notoritet ved oppfølging av spørsmål til leiinga.
4. Lærdal kommune bør sikre dokumentasjon på oppfølging av medarbeidersamtalar og arbeidsmiljøundersøkingar.
5. Lærdal kommune bør vurdere å gjennomgå systema for oppfølging av avvik på fysiske høve, samt å vurdere strategi og langtidspan for utvikling av eigedomsmassen i sektoren.
6. Lærdal kommune bør sikre eit hensiktsmessig utviklingstilbod for einingsleiarane som er tilpassa den enkelte leiar og enkelte eining sitt behov.
7. Lærdal kommune bør vurdere å legge til rette for utviding av tiltak for demping av arbeidspresset på dei tilsette i dei einingane der presset er høgast. Dette inneber mellom anna:
 - a. Kartlegging av arbeidspresset
 - b. Kartlegging av om born sine rettar i høve til opplæringslova og barnehagelova ikkje blir følgde
8. Lærdal kommune bør vurdere å sikre meir systematisk involvering av verneombod og tillitsvalde på kommunenivå.

Då det er fleire kommentarar om manglande oppfølging av tilbakemeldingar på spørjeundersøkingar frå dei tilsette, anbefaler revisor og at kommunen planlegg for ein oppfølgjande undersøking etter om lag to år.

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen, samt til rådmannen si fråsegn til rapporten.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert vurdert og følgt opp i det vidare arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø i oppvekstsektoren.

Kontrollutvalet vil be om ein statusrapport hausten 2022.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	29.11.2021	KPMG	Arbeidsmiljø

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bad til sitt møte 12.4.21 KPMG om å lage ein prosjektplan for ei arbeidsmiljøundersøking innan oppvekstsektoren. Utkast til prosjektplan vart lagt fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjekk gjennom planen og ønskte nokre endringar. Det vart gjort slikt vedtak i sak 10/21:

«Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, setje i verk ein forvaltningsrevisjon om arbeidsmiljø i oppvekstsektoren i samsvar med framlagt prosjektplan frå KPMG, samt dei endringane av prosjektplanen som kontrollutvalet kom med innspel om i møtet. Kontrollutvalet føreset at ein får revidert prosjektplan til gjennomsyn før arbeidet vert sett i verk.»

Gjennomføring:

KPMG har hatt oppdraget med å gjennomføre forvaltningsrevisjonen, basert på deira endelege prosjektplan av 18.4.21.

I vedlagte rapport har dei gått gjennom metode og datagrunnlag og gitt sine svar og tilrådingar. Vi viser til samandraget i rapporten, side 4 til 6 for ei kort oppsummering av revisor sine vurderingar og tilrådingar.

Elles består rapporten av 4 kapittel, der kapittel 1 er innleiing, med føremål og problemstillingar, samt metode og revisjonskriterium. Kapittel 2 er datagrunnlag (fakta) og vurderingar. I kapittel 3 kjem revisor med sin konklusjon og tilrådingar. I kapittel 4 er vedlagt fråsegn frå rådmannen.

Konklusjonen til revisor er summert opp i tilrådinga i denne saka. For detaljar elles vert det vist til samandraget og rapporten elles.

Forvaltningsrevisor vil presentere rapporten over videokonferanse i møtet.